



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	26.02.2020	20/020

## Høring- Kulturminneplan for Eidfjord kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kulturminneplan for Eidfjord kommune vert lagt ut på høring
2. Høyringsfristen er sett til fire veker.

### 26.02.2020 - Eidfjord formannskap

Røysting:  
Samrøystes vedteke

### FSK - 20/020 - Vedtak:

1. Kulturminneplan for Eidfjord kommune vert lagt ut på høring
2. Høyringsfristen er sett til fire veker.

### Vedlagt: Kulturminneplan for Eidfjord kommune

**Desse har uttalt seg i saka:** Innbyggjarar, prosjektstyre, Eidfjord Historielag

**Vedtak skal sendast til:**

**Endeleg avgjerd i:** Eidfjord kommunestyre

### Saka gjeld:

Eidfjord kommune har sidan januar 2018 arbeidd med kulturminneplan for Eidfjord kommune. Den forgje planen var frå 1987 og det var trong for ein ny og oppdatert plan.

Riksantikvaren sette i gang ein prosjekt KIK- Kulturminne i kommunen og har som mål at alle kommunane i landet skal ha ein kulturminneplan. I den samanheng var det høve til å søkja midlar til arbeidet med kulturminneplan og Eidfjord kommune har søkt og fått kr. 200 000 til arbeidet. Kulturminneplanen er finansiert gjennom desse midlane.

I januar vart det gjennomført ein anbudsrunde og Rådgjevande Arkeologar AS fekk tilslaget. Det vart sett ned eit prosjektstyre som består av Vestland Fylkeskommune v/ Elisabeth Warren, Hardanger Voss Museum v/ Randi Bårtvedt, representant frå innbyggjarar i Eidfjord Anna Marie Graff og Kultursjef Lisbeth Bygstad Celik har vore prosjektleiar.

### **Medverknad**

Me informerte om oppstart av arbeidet og oppfordra innbyggjarar og lag/organisasjonar og andre interesserte til å kome med innspel før me byrja sjølve planarbeidet. Me fekk innspel og dei fleste er kome med i planen.

Sidan planen er å rekna for ein fyrstegenerasjonsplan har den status som temaplan og dermed ikkje knytt opp til plan- og bygningslova sine lovkrav. Me vel likevel å leggja planen ut på høyring slik at flest mogleg kan få kome med sine innspel.

Høyringsfrist er sett til fire veker.

Geir Underhaug  
rådmann

Celik, Lisbeth Bygstad  
sakshandsamar

Rett utskrift: